

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 5. desember 2023 kl. 17.00 - 19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Fridleif
Kaffi og kjeks:	Reidun

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Heine Kaldefoss, Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog, Ingebjørg R. Grønsdal, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Guro Betten, Roald Sangolt, Wenche Midttun.

SAKLISTE

2023/41 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2023/42 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 31.10.2023

Vedtak: Godkjent.

2023/43 – 002.3 Val av leiar og medlemmar til Stord Kyrkjelege Fellesråd

Saksutgreiing:

Heine Kaldefoss vart konstituert som nestleiar i soknerådsmøtet 31.10. Soknerådet må velgja leiar, og medlemmar og vara til Fellesrådet. Leiar og nestleiar vert valgt for 1 år.

Vedtak:

Leiar: Sigrid Theodorsen Langøy

Faste medlemmar til Fellesrådet: Heine Kaldefoss og Tormod Stautland

Vara til Fellesrådet: Guro Betten og Ida Elin H. Tvedt

2023/44 – 002.3 Val av medlemmar til dei ulike utvala tilknytta Nysæter sokneråd

Saksutgreiing:

Det var ein gjennomgang av dei ulike utvala i sist møte, og medlemmane kom med ynskje om kva utval dei kan tenkje seg. AU har satt opp forslag til personar til utvala utifrå samtalen i forrige møte. Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar, sokneprest og sakshandsamar

Vedtak:

Gudstenesteutval: Bjarne Petterteig og Roald Sangolt

Trusopplæringsutval: Guro Betten og Wenche Midttun

Diakoniutval: Ida Elin H. Tvedt og Ingebjørg R. Grønsdal

Frivillige og fellesskap: Bjarne Petterteig

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2023/ 45 – 315 og 317 Gudsteneste- og offerliste våren 2024

Saksutgreiing:

Soknerådet skal vedta gudstenesteplan og takkofferformål for våren 2024. Takkofferformål og retningslinjer er beskrive i vedlegget.

Vedtak:

Soknerådet godkjente gudstenesteplanen med ynskje om at gudstenesteutvalet tek vidare evt om ein skal ha nokre kveldsgudstenester. Offerlista vart godkjent som framlagd, med denne endringa: 09.05.2024 – KFUK-KFUM Haugaland krets.

2023/46 - 217 Teieplikt og politiattest

Saksutgreiing:

Soknerådsmedlemmar har teieplikt. Får ein i samband med tenesta, kjennskap til opplysningar om dei personlege forholda til nokon, har ein plikt til å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til desse opplysningane (s. 46 i Handboka/ Lovdata.no §13).

Vedtak: Soknerådet ynskjer at teksten i saksutgreiinga er med på skjemaet som dei skriv under på. Teiepliktskjema vert underskrive på neste møte.

Fellesrådet (2018) har bestemt at alle soknerådsmedlemmar må innhente politiattest. Dette gjeld også alle ulønna medarbeidarar som tek del i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane. (sjå og s. 97 i Handboka). Soknerådsmedlemmane fekk kvar sitt formålsdokument som må leggast ved når ein søker om politiattest.

2023/47 - 120 Årsbudsjett 2024

Saksutgreiing:

AU har laga forslag til årsbudsjett for 2024. Soknerådet kan koma med forslag til endringar.

Vedtak:

Årsbudsjettet vart godkjent som framlagt. Soknerådet ynskjer at utvala vurderer om ein skal søkje midlar gjennom ulike instansar for arrangement eller tiltak dei ynskjer å gjennomføre.

2023/48 - 012 Møteplan for Nysæter sokneråd fram til sommaren (utsatt frå 31.10)

Saksutgreiing:

Det skal setjast opp møteplan for soknerådet fram til sommaren. Det kom nokre forslag i møtet 31.10 som AU har arbeidd ut frå.

Vedtak:

SR: Torsdag 22. februar
SR: Torsdag 21. mars
SR: Torsdag 2. mai
SR: Torsdag 6. juni

AU: Tirsdag 6. februar
AU: Tirsdag 5. mars
AU: Tirsdag 2. april
AU: Tirsdag 21. mai

Tidspunkt: 19.00 – 21.00

Tidspunkt: 08.30 – 09.30

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

- **Orienteringssaker**

1. Nyårsmottaking 07.01.2024. Soknerådsleiar og nestleiar er invitert. Ida Elin vert med i stadenfor Heine som ikkje har høve til å vere med.
2. Det er spelt inn eit ynskje om å starte ein hobbyklubb for barn i storskulen og evt. ungdomsskulen. Det er ein mangel på tilbud til barn som ikkje går på sport og som held på med strikking eller andre hobbyaktivitetar. Sagvåg bedehus og Speidaren har eit tilbod til denne aldersgruppa, men ikkje strikking o.l. Soknerådet ynskjer at initiativtakar undersøker litt med desse to tilboda for eit slags samarbeid/ evt tilskot til eksisterande tilbod. Soknerådet ynskjer tilbakemelding på dette, og meir konkrete planar for arbeidet, antal frivillige mm. Saka går tilbake til initiativtakar, og vert handsama på neste møte.

- **Generell informasjon**

1. Fridleif informerer frå staben. Mange og kjekke julevandringar no i desember.
2. Døgnet 12.–13. januar i Haugesund

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 07.11.23
2. Referat frå Stord kyrkjelege fellesråd 09.11.23
3. Referat frå Diakoniutvalet

Neste møte i Nysæter kyrkje vert torsdag 22. februar kl. 19.00 i Nysæter kyrkje.
Opning: Heine.

Sigrid T. Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.